



DET KONGELEGE
FORSVARSDPARTEMENT

Prop. 123 S

(2020–2021)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Investeringar i Forsvaret og andre saker

Innhold

1	Innleiing	5	6	Andre saker	8
2	Nytt felles materiell- og eidegoms-, bygge- og anleggsprosjekt for godkjenning	5	6.1	Rammebetingelser for Regionfelt Austlandet	8
2.1	Oppgradering av VLF stasjon Novik	5	6.2	Gåve frå Venneeinginga ved Noregs Heimefrontmuseum	10
3	Nytt materiellprosjekt for godkjenning	6	6.3	Oppmodingsvedtak 502, 7. mai 2019, om «NH90 – oppfølging og vurdering av alternative helikoptre»	11
3.1	Prosjekt 7720 F-35 oppgraderinger	6	6.4	Oppmodingsvedtak 356, 16. desember 2020, om bruken av tilleggstilldelinga i 2020 til små og mellomstore teknologi-bedrifter i samband med korona-pandemien	11
4	Nye eidegoms-, bygge- og anleggsprosjekt for godkjenning	7	6.5	Informasjon om ny parnerskapsavtale for F-35-programmet	12
4.1	Ørland – utbetring av hovudrullebanen	7	6.6	Informasjonssak om sluttoppgjer for terminert prosjekt på Haakonsvern	12
4.2	Porsangmoen – bustadar og forlegningar	7	6.7	Informasjonssak om «NATOs vurdering av Noreg»	13
5	Omfangsendring av pågåande prosjekt for godkjenning	8		Forslag til vedtak om investeringar i Forsvaret og andre saker	18
5.1	Prosjekt 6023 Vidareføring NSM, hovudvedlikehald og suppleringsinnkjøp	8			



DET KONGELEGE
FORSVARSDPARTEMENT

Prop. 123 S

(2020–2021)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Investeringar i Forsvaret og andre saker

*Tilråding frå Forsvarsdepartementet 26. mars 2021,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Innleiing

Føremålet med denne proposisjonen er å be om Stortingets godkjenning til å starte opp fire (4) nye investeringsprosjekt, endre omfanget på eit (1) investeringsprosjekt, justere rammevilkåra for eit skytefelt, motta ei gåve for å fullfinansiere eit forprosjekt, og å orientere Stortinget om fem andre saker.

Utgangspunktet for godkjenning av investeringsprosjekta i Forsvaret er dei årlege budsjettproposisjonane (Prop. 1 S). Denne proposisjonen fyller såleis ut budsjettproposisjonen.

Dei nye investeringsprosjekta som proposisjonen omtalar er alle i samsvar med inneverande langtidsplan for forsvarssektoren. Investeringsprosjektene sine utgifter blir haldne på kapittel 1710 og kapittel 1760 avhengig om det er eigedoms- bygge- og anleggsprosjekt eller om det er materiellprosjekt.

Proposisjonen har følgjande innhald:

- Godkjenning av kostnadsramme for eit (1) nytt felles materiell- og eigedoms-, bygge- og anleggsprosjekt: Oppgradering av VLF stasjon Novik.
- Godkjenning av kostnadsramme for eit (1) nytt materiellprosjekt: F-35 oppgraderingar.
- Godkjenning av kostnadsramme for to (2) nye eigedoms-, bygge- og anleggsprosjekt: Ørland – utbetring av hovudrullebanen, og Porsangmoen – bustadar og forlegningar.

- Godkjenning av omfangsendring av eit (1) pågåande materiellprosjekt: Vidareføring NSM, hovudvedlikehald og suppleringskjøp.
- Godkjenning av endring av rammevilkåra for Regionfelt Østlandet.
- Godkjenning av mottak av gåve frå venneeiinga ved Noregs Heimefrontmuseum.
- Andre saker: Oppmodingsvedtak om NH90, oppmodingsvedtak om bruken av tilleggstildevinga i 2020 til små og mellomstore teknologi-bedrifter i samband med korona-pandemien, ny partnerskapsavtale for F-35-programmet, sluttoppgjær for terminert prosjekt på Haakonssvern og NATOs vurdering av Noreg.

2 Nytt felles materiell- og eigedoms-, bygge- og anleggsprosjekt for godkjenning

2.1 Oppgradering av VLF stasjon Novik

Forsvaret har ein radiostasjon for kommunikasjon med ubåtar. Dette er ein radiostasjon som nyttar eit svært lågt frekvensområde, *Very Low Frequency* (VLF), slik at det er mogleg å kommunisere med ubåtar i neddykka tilstand. Stasjonen blei ferdigstilt i 1968, og er lokalisert i Novik, sør for Bodø. Radiosendaren og tilhøyrande eigedom, bygg og anlegg (EBA) har blitt haldne godt vedlike, men etter over 50 års drift er det no naudsynt med ei større oppgradering av anlegget. Av nytt

materiell skal det skaffast til vege ein VLF-radiosendar med tilhøyrande kontrollstasjon og anna utstyr. Innanfor EBA må det gjennomførast omfattande oppgraderingar av tekniske installasjonar og infrastruktur, kraftforsyning og naudsynte tilpassingar for integrasjon av ny radiosendar i fjellanlegget.

Det operative behovet for VLF-kapasitet er stadig til stades, og er ytterlegare aktualisert med auka aktivitet og interesse for nordområda. Behovet for ein VLF-sendar blir forsterka i samanheng med pågåande framskaffing av nye ubåtar. Utan tilgjengeleg VLF-kapasitet vil kommando- og kontrollmoglegheitene over ubåtane reduseras, og det blir vanskelegare for ubåtane å operere skjult. Dette vil påverke evna til å utføre ubåtoperasjonar negativt.

Prosjektet si hovudmålsetjing er å sikre Noreg og NATO ein moderne og påliteleg VLF-kapasitet for å støtte noverande og ny ubåtkapasitet. Dette vil sikre at Forsvaret si operative leiing og NATO kan utøve kommando- og kontroll over undervasskapasitetane sine.

Innkjøpet av radiosenderan med tilhøyrande utstyr vil bli gjennomført som eit direktekjøp i tråd med Anskaffelsesreglement for Forsvaret. I samband med anskaffinga vil det bli stilt krav om at det blir inngått ein avtale om forsvarsindustrielt samarbeid med leverandøren før hovudkontrakten blir signert. Det er planlagt utbetalinger frå prosjektet frå 2021 fram til omlag 2026. Utgiftene til prosjektet vil bli belasta kapittel 1710, post 47 og kapittel 1760, post 01 og 45.

Den tilrådde kostnadsramma for materiell- og EBA-prosjektet er samla 940 mill. 2021-kroner medrekna meirverdiavgift, ei avsetting for uvisse, og gjennomføringskostnader. Styringsramma utgjer 839 mill. 2021-kroner, medrekna meirverdiavgift og gjennomføringskostnader.

3 Nytt materiellprosjekt for godkjenning

3.1 Prosjekt 7720 F-35 oppgraderingar

Stortinget vedtok gjennom handsaminga av Innst. 388 S (2011–2012) til Prop. 73 S (2011–2012) kjøp av inntil 52 F-35 kampfly. Noreg har sidan 2015 fått årlege leveransar av fly. Stortinget vedtok gjennom handsaminga av Innst. 7 S (2019–2020) til Prop. 1 S (2019–2020) å fullføre kjøp av 52 fly. Dei siste seks kampflya skal leverast i 2024. Avgjerda om innkjøp av F-35 blei fatta i eit levetidsperspektiv, som omfattar at systemet

blir halde oppgradert gjennom levetida slik at den strategiske effekten som kampflya gjer kan haldast oppe. Noreg er gjennom partnerskapsavtalen (PSFD MOU) forplikta til å bidra i den kontinuerlege vidareutviklinga av F-35 våpensystemet.

Kampflykjøpet som allereide er vedtatt skal levere F-35 med full operativ evne gjennom innkjøp av flya og block 4 oppgraderingar inkludert norskfinansiert Joint Strike Missile (JSM) integrasjon. Dette påfølgande prosjekt 7720 F-35 oppgraderingar, omfattar oppgraderingar etter block 4 i perioden frå 2025 til og med 2030.

Formålet med prosjekt F-35 oppgraderingar er å halde oppe kampflykapasitet som bidrar til nasjonal tryggleik gjennom utvikling og implementering av felles kapabiliteter som held oppe operativ yting mot forventta trusselbilde i 2030.

Utvikling og innkjøp av materiell skal gjerast gjennom det fleirnasjonale partnerskapet, regulert gjennom partnerskapsavtalen. Ei sentral grunngeving for den felles partnarilnærminga er interoperabilitet og at flest mogleg operative behov kan dekkast til ein lågast mogleg kostnad. Ved å halde oppe ein felles konfigurasjon på våpensystemet F-35 saman med dei andre nasjonane i partnerskapet, leggst grunnlaget for felles og effektiv forvaltning av systemet.

Det er ennå ikkje bestemt kva kapabiliteter som skal utviklast. Kvart år skal det fleirnasjonale programkontoret legge fram ei prioritert tilråding på kva kapabiliteter som bør utviklast innanfor det felles utviklingsbudsjettet for styret i partnerskapet, som deretter kan vedta oppstart av dei tilrådde utviklingsforløpa.

Partnerskapsavtalen tar vare på at nasjonane sjølv kan avgjere i kva grad ein ønsker å implementere dei enkelte felles utvikla kapabilitetene. Prosjektet planlegg med at alle felleskapabiliteter blir implementert på den norske flyparken. Manglande konfigurasjonsoppdateringar kan gi meir kostnader når seinare oppgraderingar skal implementerast på flya og i sum medføra auka levetidskostnader.

Implementeringa på norske fly blir gjort basert på våre innmelde behov for operativ tilgjengelegheit og dei økonomiske rammene våre. Implementering vil gjennomførast ved basen på Ørlandet dersom det er teknisk mogleg. Implementeringer av større omfang vil gjennomførast ved produksjonsfasiliteten i Italia.

Avtalane om utvikling og implementeringsaktiviteter blir inngått av det fleirnasjonale programkontoret i USA, men Noreg har sikra seg formell innverknad på dette arbeidet gjennom styre-

representasjon og norsk nøkkelpersonell ved programkontoret.

Det forholdet at kva kapabiliteter som skal utviklast ennå ikkje er vedtatt, gir generelt ei uvisse spesielt innanfor implementering. Denne uvisse blir kompensert med risikoreduserende styringstiltak både nasjonalt og i det fleirnasjonale programmet. Det går også føre seg betydeleg arbeid for å sikra at dei utviklingsavgjerdene som fattast blir tatte i eit levetidsperspektiv som inkluderer både investering og driftsutgifter.

Det er gjennomført ekstern kvalitetssikring av prosjektet i tråd med føringar frå Finansdepartementet. Resultata frå kvalitetssikringa ligg til grunn for den tilrådde kostnadsramma. Kvalitetssikrer meiner dokumentasjonen for prosjektet er tilstrekkeleg for estimering, tidsplan, uvisseanalyse og styring av prosjektet. Kvalitetssikrer tilrår ein tydeliggjoring av prosjekteigarstyringa og klargjoring av roller og fullmakter for resten av dei mest sentrale aktørar i prosjektet. Forsvarsdepartementet vil følge opp dei uvissereduserande tiltaka som ekstern kvalitetssikrar har tilrådd. Utgiftene til prosjektet vil bli belasta kapittel 1760, post 01 og 45.

Den tilrådde kostnadsramma for prosjektet er 6341 mill. 2021-kroner medrekna meirverdiavgift, gjennomføringskostnadar og ei avsetting for uvisse. Prosjektet si styringsramme blir sett til 5142 mill. 2021-kroner medrekna meirverdiavgift.

4 Nye eigeoms-, bygge- og anleggsprosjekt for godkjenning

4.1 Ørland – utbetring av hovudrullebanen

Stortinget vedtok gjennom handsaminga av Innst. 388 S (2011–2012) til Prop. 73 S (2011–2012) at Ørland flystasjon skulle utviklast som framtidig kampflybase. Gjennom handsaminga av Innst. 7 S (2015–2016) til Prop. 1 S (2015–2016) vedtok Stortinget eit prosjekt for forlenging av hovudrullebanen på flystasjonen. Prosjektet inkluderte også fornying av toppdekket på den eksisterande rullebanen. Det er no synleggjort behov for å gjennomføre tiltak knytt til utbetring av tryggingområdet og bandedekket, og utviding av baneskuldrane.

Etter gjennomført baneforlenging i 2017 vart rullebanen sertifisert av Luftfartstilsynet for fly kode 4C (tilsvarande Boeing 737 e.l.) iht. European Union Aviation Safety Agency (EASA) sitt reglement. Sertifiseringa blei gitt mellombels med vilkår om å rette opp avvik på tryggingområdet langs den opphavelge delen av rullebanen innan 1. januar 2023. Dagens banebredde er 56 meter.

Forsvaret har regelmessig behov, eksempelvis ved allierte øvingar i Noreg, for å kunne lande større sivile og militære fly opp til kode 4D og 4E. For at den totale banebredda skal vere tilstrekkeleg for landing av fly av denne storleiken, utan at det må søkast om spesiell løyve frå Luftfartstilsynet, er det naudsynt å utvide bredda på baneskuldrane på kvar side av rullebanen. Vidare er det avdekka at underliggende asfaltlag på den opphavelge delen av rullebanen har skader etter fleire års bruk av kjemikaliar for avising av bandedekket. Kvaliteten på dei underliggende asfaltlaga gjev ein auka risiko for sprekkdanning og fare for at asfaltflak kan losne. Det må difor gjennomførast tiltak for å unngå fare for skade på personell og materiell.

Prosjektet omfattar utskifting av massar for å lukke avvika på bæreevna i tryggingområdet langs den opphavelge delen av hovudrullebanen. Det er også naudsynt å fornye bandedekket på denne delen av rullebanen. Skada asfaltlag blir fresa bort, og det blir lagt ny asfalt lag for lag opp til nytt slitelag. I heile rullebanelengda blir det gjennomført tiltak for å utvide baneskuldrane slik at den totale banebredda blir 60 meter. Dette vil tilfredsstille EASA sine krav til banebredde for landing av større fly.

Hovudrullebana må stengast medan utbetningsarbeida går føre seg. Sjølve arbeidet vil ta om lag eitt år. Prosjekt for utbetring av taksebanene Yankee og A4-A7 på Ørland blei godkjent ved Stortingets handsaming av Innst. 339 S (2019–2020) til Prop. 78 S (2019–2020) og blir ferdigstilt innan utgangen av 2022. Taksebane Yankee vil bli nytta som rullebane i perioden når hovudrullebanen er stengt. Denne løysinga vil føre til restriksjonar når det gjeld kva slags fly som kan operere frå Ørland flystasjon. Dette tilhøvet vil bli nærare avklart. Prosjektet for utbetring av hovudrullebanen skal vere ferdigstilt seinast i 2025. Utgiftene til prosjektet vil bli belasta kapittel 1710, post 47.

Den tilrådde kostnadsramma for prosjektet er 487 mill. 2021-kroner medrekna meirverdiavgift, gjennomføringskostnadar og ei avsetting for uvisse. Prosjektet si styringsramme blir sett til 433 mill. 2021-kroner medrekna meirverdiavgift og gjennomføringskostnader.

Forsvarsdepartementet planlegg å søke om å få finansiert deler av prosjektet gjennom NATO sitt investeringsprogram for sikkerheit.

4.2 Porsangmoen – bustadar og forlegningar

Stortinget vedtok gjennom handsaminga av Innst. 50 S (2017–2018) til Prop. 2 S (2017–2018) å eta-

blere ein fullt oppsatt kavaleribataljon på Porsangmoen, og å samle Hæren og Heimevernet sine avdelingar i Finnmark under ei felles leiling. Ifølge Prop. 2 S (2017–2018) vil det på Porsangmoen være naudsynt med ny bygningsmasse, men dei permanente løysningane kan ein ikkje forvente ferdig før i 2025.

For å følge opp vedtaket skal det difor investerast mykje på Porsangmoen. Som ei førebuing er det utarbeid ei studie av moglege alternative løysingar før bygg, anlegg og infrastruktur ved garnisonen. Basert på studien er det laga ei oversikt over planlagt inndeling av dei tiltaka som er naudsynt å gjennomføre. Nokre av prosjekta vil bli så store at dei må til Stortinget for avgjersle om gjennomføring, men andre prosjekt vil bli starta av departementet innanfor eigen fullmakt.

For å kunne huse det auka talet på tilsette og vernepliktige på Porsangmoen, er det viktig å kome i gang med å bygge bustader og forlegningar. Prosjektet som det no bes om godkjenning for omfattar kjøp av 19 bustadar og bygging av 72 nye befalskvarter. Ein planlegg å kjøpe bustadar med carport eller garasje i Lakselv sentrum frå utbyggarar. Kvartera blir etablert i det eksisterande bustadområde utanfor leiren. Dei nye kvartera blir utforma som to identiske bygg i to etasjar med loft. Vidare omfattar prosjektet bygging av ei ny mannskapsforlegning for 192 vernepliktige i seksmannsrom med bad i tilknytning til kvart rom. Utforminga av både befalskvarter og mannskapsforlegning er basert på gjenbruk av løysningar som tidlegare er bygd andre stadar i Forsvaret. Prosjektet er planlagt ferdig i 2023. Utgiftene til prosjektet vil bli belasta kapittel 1710, post 47.

Den tilrådde kostnadsramma for prosjektet er 360 mill. 2021-kroner medrekna meirverdiavgift, gjennomføringskostnadar og ei avsetjing for uvisse. Prosjektet si styringsramme blir sett til 315 mill. kroner medrekna meirverdiavgift og gjennomføringskostnader.

5 Omfangsendring av pågåande prosjekt for godkjenning

5.1 Prosjekt 6023 Vidareføring NSM, hovudvedlikehald og suppleringsinnkjøp

Prosjekt 6023 Vidareføring *Naval Strike Missile* (NSM) inneheld to element, kor det eine handlar om hovudvedlikehald av eksisterande behaldning NSM til Nansen-klasse fregattane. Stortinget vedtok dette prosjektet gjennom handsaming av

Innst. 7 S (2020–2021) til Prop. 1 S (2020–2021) med ein kostnadsramme satt til 690 mill. kroner, medrekna meirverdiavgift, gjennomføringskostnadar og ei avsetjing for uvisse. Prosjektet si styringsramme er satt til 539 mill. kroner medrekna meirverdiavgift.

Som følge av Stortingets tilslutning til å føre vidare Skjold klasse korvettar fram mot 2030 knytta til handsaminga av ny langtidsplan for forsvarssektoren, jf. handsaming av Innst. 87 S (2020–2021) til Prop. 14 S (2020–2021), handlar det andre elementet i prosjektet om ein suppleringskjøp av NSM til desse fartøya frå *Kongsberg Defence and Aerospace*. NSM er hovudvåpensystemet til Skjold klasse korvettane, og grunna avgjerda om å føre vidare desse fartøya, er eit slikt suppleringskjøp avgjerande for å oppretthalde den maritime kampkrafta og operativ yting til desse overflatefartøya dei neste 10 åra. Eit suppleringsinnkjøp av NSM, planlagt gjennomført i 2024–25, vil på generelt grunnlag bidra til Sjøforsvaret si operative beredskap, samt nasjonal tryggleik i det maritime domenet sett opp mot forventa trugselbilette i 2030. Med utgangspunkt i ei vidareføring av alle seks Skjold-klassen korvettar vil eit suppleringsinnkjøp av NSM innebera at kostnadsramma på prosjektet blir auka med 1450 mill. kroner. Utgiftene til prosjektet vil bli belasta kapittel 1760, post 01 og 45. Den oppdaterte totale kostnadsramma (P85), som omfattar både hovudvedlikehaldet og suppleringsinnkjøpet, blir sett til 2140 mill. kroner, medrekna meirverdiavgift, gjennomføringskostnader og ei avsetjing for uvisse. Den nye styringsramma (P50) for prosjektet er sett til 1784 mill. kroner medrekna meirverdiavgift.

6 Andre saker

6.1 Rammebetingelser for Regionfelt Austlandet

Innleiing om føremålet med saka

Etableringa av Regionfelt Austlandet i Åmot kommune i Innlandet ble vedteken av Stortinget i 1999, jf. Stortingets handsaming av Innst. S. nr. 129 (1998–99). I St.meld. nr. 11 (1998–99) vart det greia ut om Forsvaret sitt behov og grunngeving for prosjektet. Regionfeltet har vore i bruk sidan 2005. Feltet er eit av fire nasjonale hovudfelt der rammevilkår må imøtekomme Forsvaret sitt behov best mogleg. I Stortingets føring til vedtaket blei det føresetta ein årleg periode utan militær aktivitet på til saman tre månader i tida mellom St. Hans til 1. november (såkalla verksemd-

frie periodar). Denne føringa utfordrar i dag Forsvaret sitt behov i så stor grad at utnyttinga av Regionfelt Austlandet ikkje er tilfredsstillande.

Føremålet med denne saka er å tilrå at Stortinget godkjenner og slutter seg til at verksemda på Regionfelt Austlandet kan bli betre tilpassa Forsvaret sitt behov. Ei endring av desse rammevilkåra krev ei endring i Stortinget si føring.

Forsvarsdepartementet tilrår som alternativ til Stortingets føring, at verksemdvilkåra for Regionfelt Austlandet, inkludert avgjerd om vilkår om verksemdfrie periodar, framover vert sakshandsama og vedteken i reguleringsplan for Regionfelt Austlandet, heimla i plan- og bygningslova. Forslag om nye verksemdavgrensingar vil da inngå som moglge vilkår i utkast til reguleringsplan, og vedteken etter politisk handsaming i Åmot kommune. Dei andre ramma for sjølve arealbruken i Regionfelt Austlandet er allereie fastsatt i vedteken reguleringsplan for feltet. Denne reguleringsplanen blei vedteken av Åmot kommunestyre i 2005. Det går no ein prosess for å revidere denne reguleringsplanen. Det opplystast om at det har vore dialog mellom Forsvaret, Forsvarsbygg og Åmot kommune om behovet for nye vilkår om verksemdfrie periodar.

Stortingets føring blei hovudsakleg fastsett for at sommarmånadane og hausten i større grad skulle vere skjerma av omsyn til mellom anna jakt, bærplukking, fiske og privat utnytting av eigedommane til bruk i næring. Trass i ei eventuell reduksjon i verksemdfrie periodar vil Regionfelt Austlandet fortsatt vere open for sivil bruk under dei viktigaste fleirbruksperiodane, og fleirbruksmoglegheita blir fortsatt gode. Forsvarsdepartementet vurderer samstundes at fleire av desse føreseiingane som låg til grunn for Stortingets vedtak om verksemdavgrensingar i 1999 er bortfalt eller blir ivaretatt på andre måtar.

Utfordringar med føringa og dagens situasjon

Forsvaret har vore gjennom ein betydeleg omstilling dei siste ti til tolv åra. Kapasitetar i skyte- og øvingsfelta må i stadig større grad dekke eit kontinuerleg behov for trening over heile året. Langtidsplanen for forsvarssektoren, Prop. 14 S (2020–2021), legg opp til at Forsvaret også skal auke aktivitetsnivået framover. Stortingets føring frå 1999 legg i dag beslag på for mykje av utdanningsåret. Forsvaret har gjeve uttrykk for at vilkåra om verksemdfrie periodar for Regionfelt Austlandet ikkje er i samhøve med Forsvaret sitt behov i dag.

Dei strenge verksemdvilkåra er unike for Regionfelt Austlandet, og tilsvarande er ikkje ned-

felt i rammeverket for andre skyte- og øvingsfelt. Konsekvensane for Forsvaret er fleire. Dei gir for det første liten fleksibilitet, som gjer at det ikkje er rom for endringar i utdanningsplanane gjennom året. Det er heller ikkje samsvar mellom dei mest gunstige tidspunktane for utdanningsløpet for enkelte av forsvarseiningane, og når avgrensingane for verksemda inntreffer. For det andre gjer avgrensingane at ein må utsette trening og utdanning. Tre månadar med verksemdfrie periodar om sommaren og hausten fører difor til dårleg utnytting av kapasitetane i Regionfelt Austlandet og investeringane som er gjort i feltet. For det tredje må einingar søke opp andre skyte- og øvingsfelt for å få gjennomført naudsynt trening og utdanning. Eit alternativ innanfor regionen kan vere å ta i bruk kapasitetar med skytefelt på Rødsmoen i Åmot kommune og Terningmoen i Elverum kommune. Flyttinga av aktivitetar til disse felta fører likevel til auka støybelastning på desse nærområda, og verker difor mot det underliggende føremålet med innføringa av verksemdfrie periodar. Behova elles må dekkast ved at avdelingane søker opp skytefeltar utanfor regionen. Dette fører til auka kostnader, auka miljøbelastning som følge av transportbehov, samtidig som treningstida for einingane blir reduserte. For det fjerde krev drift og forvaltning av Regionfelt Austlandet at Forsvarsbygg og Hæren si operasjonsstøtte har tilgang til areala i samband med mellom anna rydding av blindgengarar, vedlikehald og oppgradering av banar og anlegg. Dette fører til at ein ikkje kan føresetta militær operativ verksemd til kvar tid gjennom året.

Omsynet til Forsvaret og til samfunnet

Ved å bruke plan- og bygningslova til å bestemme verksemdvilkår vil ein legge godt til rette for å balansere ulike omsyn. Både når det gjeld oppdaterte vilkår som imøtekjem Forsvaret sine behov i dag og framover, og som samtidig varetek omsynet til samfunnet rundt. Ein vedteken reguleringsplan er ein lokal avgjersle der kommunestyret avveg fordelar og ulemper. Ved å bestemme verksemdvilkåra i reguleringsplan sikrar ein offentleg medverknad og lokal forankring, og ein styrkar det lokale sjølvstyret. Løysinga sørger for ei langsiktig, heilskapleg og føreseieleg forvaltning av Regionfelt Austlandet. Det er regjeringa si vurdering at ei slik løysing vil vere eit tilfredsstillande alternativ til føreseiingane frå Stortingets handsaming av Regionfelt Austlandet i 1999.

Når det ikkje er verksemdfrie periodar stengast feltet, og sivil bruk kan berre skje med

grunnlag i ei særskilt avklaring med Forsvaret. Dette heng saman med omsynet til tryggleiken. I verksemdfrie periodar vil feltet vere opent for allmenn bruk. Det er samstundes betydeleg tilgang til alternative fleirbruks- og friluftsområdar utanfor sjølve øvingsområdene, både innanfor Åmot kommune og i tilgrensande kommunar.

St.meld. nr. 11 (1998–99) la til grunn at Regionfelt Austlandet delvis skulle ervervas av Staten og delvis vera i privat eie. Dette hadde samanheng med at forvaltninga av dei private eigedommane blei vurdert å kunne fortsette med grunnlag i avtalefesta bruksrett for Forsvaret. Verksemdavgrensingane for Regionfelt Austlandet hadde difor ei bakgrunn i omsynet til privat utnytting av eigedommane til bruk i næring. Stortingets handssaming av Innst. S. nr. 342 (2000–2001) om omlegging av Forsvaret i perioden 2002–2005, jf. St.prp. nr. 45 (2000–2001), førte til styrking av Forsvaret på Rena og behov for ein auka utnytting av kapasitetane i skyte- og øvingsfelta, særleg i Regionfelt Austlandet. Under detaljplanlegginga av Regionfelt Austlandet blei det bestemt at feltet skulle ervervast i si heilskap. Dette er gjennomført. Næringsgrunnlaget til grunn- og rettshavarar er opprettheldt gjennom makeskifte eller ved kontant utkjøp av eigedommane. Forsvarsbygg vart i dag rolla som grunneigar for heile Regionfelt Austlandet. Behovet for å ivareta omsynet til private grunneigarar gjennom verksemdavgrensingar er difor bortfalt.

Løyve til verksemd etter reglane i forureiningslova vert fastsatt av Statens forureiningstilsyn i 2004. Vilkår i denne løyva speglar Stortingets føring om verksemdfrie periodar. Det opplysast om at Forsvarsbygg vil utarbeide ein revidert og heilskapleg utslippssøknad for Forsvaret si totale verksemd på Rena. Denne vil beskrive Forsvaret sitt behov og forholdet til verksemdavgrensingar. Styresmakt for å fastsette utslippsløyve for Regionfelt Austlandet er Miljødirektoratet.

Tilråding

Forsvarsdepartementet viser til at Forsvaret har eit reelt behov for å endre på Stortingets føresetnad om tre verksemdfrie månader frå St. Hans til 1. november i Regionfelt Austlandet. Denne avgrensinga gir i dag for store negative konsekvensar for Forsvaret. Forsvarsdepartementet si tilråding om at avgjerdsel om verksemdfrie periodar framover blir vedteken i reguleringsplan heimla i plan- og bygningslova vil sørge for å sikre offentleg medverknad, lokal avgjerd og grundige

prosessar når det gjeld å belyse og vurdere dei positive og negative verknadene. Omsynet til ålmenta skal fortsatt bli ivareteke sjølv med eventuelt færre veker med verksemdfrie periodar. Forsvarsdepartementet vurderer at fleire av føreseiingane som låg til grunn for Stortingets vedtak om verksemdavgrensingar i 1999 er bortfalt eller blir ivareteke på andre måtar. Fleirbruk i veker med ferier, jakt, fiske og bærplukking fell saman med dei mest aktuelle, nye verksemdfrie periodane. Kva gjeld landbruks-, skog- og utmarksinteressar, er planområdet erverva av Forsvaret med alle rettar, og det er difor ikkje private interesser knytt til skog- og utmarksressursar.

6.2 Gåve frå Venneininga ved Noregs Heimefrontmuseum

Noregs Heimefrontmuseum på Akershus festning har sidan 2008 arbeidd med planar om eit tilbygg ved museet, for å få større og betre lokale til bruk i formidling og undervisning. Tilbygget er tenkt bygd sør for museet, fysisk kobla til det noverande bygget.

Venneininga ved Noregs Heimefrontmuseum har engasjert seg i saka, og har formidla kontakt med eit legat som ønskjer å finansiere bygginga av eit slikt bygg. Venneininga har sagt seg villig til å betale for eit forprosjekt for å planlegge prosjektet i detalj og estimere kostnaden.

Rettleiar i statlig budsjettarbeid seier at eit fagdepartement kan motta mindre gåver på vegner av staten når gåva ikkje gir bevilgningsmessige konsekvensar og det elles er «ubetenkeleg». I enkelte høve er Stortingets samtykke naudsynt. Dette gjelder når gåva direkte eller indirekte vil bety at staten får utgifter som han elles ikkje ville ha hatt. Dersom det er ei stor gåve, bør ho uansett bli forelagt Stortinget.

I denne omgangen søker Forsvarsdepartementet om Stortingets godkjenning av gåva til departementet i form av forprosjektet. Forsvarsbygg, som skal leie arbeidet med forprosjektet, estimerer at forprosjektet vil koste om lag 3,7 mill. kroner medrekna meirverdiavgift. Venneininga ved Noregs Heimefrontmuseum skal betale for forprosjektet. Forprosjektet skal etter planen bli ferdig i 2022. Forprosjektet skal ikkje påføre forsvarssektoren ekstra kostnader, og det skal heller ikkje gjere departementet forplikta til å starte byggeprosjektet. Samstundes er gåva av ein storleik som krev godkjenning frå Stortinget. Departementet vil komme attende til Stortinget for ei godkjenning av ei gåve i form av sjølve tilbygget, dersom dette blir aktuelt.

6.3 Oppmodningsvedtak 502, 7. mai 2019, om «NH90 – oppfølging og vurdering av alternative helikoptre»

Vedtaket nr. 502, 7. mai 2019:

«Stortinget ber regjeringen om å holde Stortinget løpende oppdatert om den videre oppfølging av saken, herunder komme tilbake til Stortinget på egnet måte med vurderinger av om alternative helikoptre kan være mer formålstjenlig for deler av Luftforsvarets behov grunnet forventede driftskostnader og flytid.»

Vedtaket blei fatta ved behandling av Dokument 3:3 (2018–2019) Riksrevisjonens undersøkelse av anskaffelsen og innfasingen av maritime helikoptre til Forsvaret (NH90), jf. Innst. 237 S (2018–2019).

I utanriks- og forsvarskomiteen si uttale om Meld. St. 12 (2019–2020) imøteser komiteen at regjeringa kjem tilbake til Stortinget om vidare oppfølging av vedtaket i løpet av 2020. I Innst. 373 S (2019–2020) ventar kontroll- og konstitusjonskomiteen med å kvittere ut vedtaket. Regjeringa gjorde greie for den løpande utviklinga om NH90 i Prop. 1 S (2020–2021) i omtala av prosjekt 7660 i del I, 4. Investeringar, om status for anskaffinga og innfasinga av NH90 i Forsvaret.

Innfasing og oppbygging av den operative kapasiteten til NH90 går saktare enn forventa. Det er framleis utfordringar med at leveransar av både helikoptera og reservedelar kjem seinare enn det som blei lagt til grunn i planen for oppbygginga av NH90 kapasiteten. Koronapandemien som ramma Nord-Italia særleg hardt i starten av pandemien har forsterka denne utfordringa. Det betyr mellom anna at Forsvaret har lågare tilgjengeleg flytid enn planlagt og dermed lågare innfasingstakt for den operative kapasiteten. Forsvaret har på oppdrag frå Forsvarsdepartementet og med bistand frå Forsvarets forskingsinstitutt gjennomført ei fornya vurdering av om det er alternative helikopter som er egna til å dekke deler av behovet som NH90 etter planen skal dekke. I den fornya vurderinga frå Forsvaret er konklusjonen at det er andre helikopter som også kan dekke Forsvarets behov for maritime helikopter og at deler av dette behovet bør vurderast dekkja med innleie av helikopterkapasitet.

Ettersom Forsvaret nå vurderer at det er mogleg at andre helikopter kan være formålstjenleg for å dekke deler av Forsvarets behov for maritim helikopterkapasitet gjennom ei løysing med innleie av helikopterkapasitet, vil regjeringa undersøke ei slik løysning nærare. Dette vil være eit

supplement til NH90 og gjeld delar av behovet som ikkje krev ei like spesialisert og høgteknologisk plattform som NH90. Stortinget vil bli halde orientert om dette arbeidet på egna vis.

6.4 Oppmodningsvedtak 356, 16. desember 2020, om bruken av tilleggstildelinga i 2020 til små og mellomstore teknologibedrifter i samband med koronapandemien

Vedtaket nr. 356, 16. desember 2020:

«Stortinget ber regjeringen, på egnet måte og så raskt som mulig, orientere Stortinget om til hvilke formål (anskaffelser) tilleggsbevilgning på 50 mill. kroner for å fremskynde planlagte kjøp av produkter og tjenester fra små og mellomstore teknologibedrifter, ble disponert, hvilke bedrifter som har blitt tildelt oppdrag og hvordan ordningen har bidratt til å sikre overlevelse for små og mellomstore teknologibedrifter som leverer egne produkter/tjenester direkte til forsvarssektoren.»

Som ledd i arbeidet med å kjempe mot dei negative konsekvensane av pandemien har Forsvarsdepartementet jobba målretta med tiltak retta mot norsk forsvarsindustri. Dette har vore viktig for å legge til rette for beredskapsbehovet i Forsvaret og sektoren, og andre behov som bidrar til å ta vare på normal forsyning av materiell og tjenester til Forsvaret. Det har i den samanhengen vore tett dialog med Forsvars- og sikkerhetsindustriens forening (FSi) for å setje i verk så treffsikre og framtidsretta tiltak som mogleg.

Regjeringa har lagt fram ei rekke krise- og tiltakspakker for å handsame situasjonen, blant anna ei kompensasjonsordning som gir ein økonomisk kompensasjon til verksemder som har tapt store delar av inntekta på grunn av virusutbrotet. Fleire av desse treff også forsvarsindustrien. Vidare er det gjort tiltak for å oppdatere Skjoldklassen korvettar, CV90 kamp- og støttevogner, samt gjennomføre FOU-tiltak.

Forsvarsdepartementet har også fatta andre tiltak for å betre situasjonen for bedriftane. Blant anna er Forsvarsmateriell og Forsvarsbygg gitt dispensasjon frå regelverket om anskaffing, slik at behovet frå einskilde leverandørar om betaling før avtalt betalingsfrist vert innvilga. Det er vidare vurdert kontinuerleg tiltak for å gjennomføre anskaffingsprosessane som normalt, gjennom kontakt mellom etatane i Forsvarets og leverandørar. Departementet innførte dessutan ei mel-

lombels ordning som ga ein ekstra stimulans til utenlandske bedrifter med plikt til gjenkjøp, til å inngå utviklingssamarbeid med norske små og mellomstore bedrifter. Forsvarsdepartementet har gjennom god og regelmessig dialog med sentrale allierte lagt til rette for å gjennomføre naudsynte tiltak for å halde ved lag forpliktingane til norske leverandørar overfor forsvarsindustrien i andre land.

Når det gjeld tilleggstildelinga på 50 mill. kroner synte fleirtalet i Stortinget i behandlinga av Innst. 360 S (2019–2020) til Prop. 127 S (2019–2020) til at det «er viktig å bidra til å sikre overlevelse for de mindre teknologibedriftene» og foreslo å «fremskynde planlagte kjøp av produkter og tjenester fra slike bedrifter og foreslår derfor en tilleggsbevilgning på 50 mill. kroner på kap 1720 post 1».

Forsvaret har på oppdrag frå Forsvarsdepartementet medverka til forsvarleg forvaltning av tildelinga. Det har blitt lagt stor vekt på at midla får ei brei og riktig fordeling, og Forsvaret har tatt utgangspunkt i potensielle leverandørar fra små og mellomstore teknologibedrifter. Basert på dette har Forsvarsstaben hatt dialog med dei aktuelle forsvarsgreinene, samt med Forsvarets forskningsinstitutt, Forsvarsmateriell og Forsvarsbygg for å kunne ta omsyn til behova i sektoren, i størst mogleg grad. Midla er fordelt med utgangspunkt i behova til Forsvaret og sektoren, og for å legge til rette for ei hurtig og forsvarleg gjennomføring.

Midla er fordelt på så mange firma som mogleg, basert på tilboda som er komne inn. Omlag 20 firma er blitt omfatta av ordninga. Dette er firma som mellom anna leverer teknisk materiell og system til forsvarsgreinene og teknisk personleg bekledning og utrustning (PBU). Innkjøp skal følge regelverket for anskaffingar, noko som inneber at fleire forslag om større innkjøp i utgangspunktet må på anbod. Midla er blitt fordelt til små og mellomstore teknologibedrifter som har produkt og leveransar som svarer til behova i Forsvaret. Bedrifter som har produkter utanfor desse behova, eller der produkta har vore i ein konkurranse situasjon med fleire norske tilbydarar, er ikkje blitt prioritert. Forsvarsdepartementet eller Forsvaret har ikkje hatt anledning til å vurdere korleis tildelinga faktisk har bidratt til små og mellomstore teknologibedrifter si overleving, men legg til grunn deira behov slik det er framkome av henvendinga og søknadane til Forsvaret. Det har generelt vore god kontakt og dialog mellom forsvarssektoren og industrien for å møte utfordringane som følge av koronapandemien. Dette har bidratt til å gjere konsekvensane for industrien

mindre akutte på kort sikt, og til at forsvarsindustrien så langt har komet gjennom pandemien med relativt avgrensa negative konsekvensar.

6.5 Informasjon om ny partnerskapsavtale for F-35-programmet

F-35-programmet er eit amerikanskeleia program for produksjon, vedlikehald og vidare utvikling av våpensystemet F-35. Noreg blei med i partnerskapet i 2007, då partnerskapsavtala (Joint Strike Fighter Memorandum of understanding (JSF PSFD MOU)) blei underskriven. Partnerskapsavtala dannar det politiske grunnlaget for partnerskapet.

Då Tyrkia i 2017 vedtok å kjøpe eit russiskproduserte luftvernssystem, valde USA å suspendere Tyrkia frå F-35 programmet.

Suspensjonen av Tyrkia medførte at dei åtte gjenverande partnarnasjonane blei einige om å inngå ei ny partnerskapsavtale. Høsten 2020 deltok Forsvarsdepartementet i forhandlingane. Desse forhandlingane er no ferdige og partnerlanda tek sikte på at ny avtale trer i kraft i løpet av hausten 2021.

6.6 Informasjonssak om sluttoppgjør for terminert prosjekt på Haakonsværn

Haakonsværn – etablering av helikopterdetasjement

Prosjektet for etablering av helikopterdetasjementet på Haakonsværn blei satt i gang etter Stortingets handsaming av Innst. 489 S (2012–2013) til Prop. 136 S (2012–2013). Tiltaka i prosjektet er hangarar, kontor og plassar for parkering av NH90 på Haakonsværn. Arbeidet er ferdig og bygget blei levert til bruker i august 2016. Kostnadsramma på 291 mill. kroner er difor ikkje justert for prisstigning etter 2016, i tråd med praksis for prisjustering av EBA-prosjekter. Regjeringa har fortløpande informert Stortinget om status i prosjektet gjennom dei årlege budsjettproposisjonane.

I Prop. 1 S (2020–2021) blei Stortinget informert om at det var ein prosess gåande fordi partane ikkje var samde om sluttoppgjøret. Forsvarsbygg meiner at arbeidet til eit konsulentfirma har ført til ekstra kostnader i gjennomføringa av byggearbeida. Staten har gjennomført rettssak mot dette firmaet. Kravet frå staten var på om lag 21 mill. kroner. I budsjettproposisjonen blei Stortinget også informert om at prosjektet si endelege sluttkostnad ville vere avhengig av utfallet i ankesaka som skulle avgjerast i Bergen tingrett i januar 2020. Delar av domen som blei avsagt i

Bergen tingrett blei anka av begge partar. Før handsaminga av anken blei det avtalt eit forlik mellom partane, og staten blei tilkjent om lag 4 mill. kroner.

Etter resultatet av dommen og forliket som blei inngått er det klart at sluttkostnaden for prosjektet er 298 mill. kroner. Prosjektet er no avslutta og terminert.

6.7 Informasjonssak om «NATOs vurdering av Noreg»

NATOs forsvarsplanleggingsprosess *NATO Defence Planning Process* (NDPP) er forankra i NATO-traktaten artikkel 3, og er ein av dei større og meir omfattande prosessane i alliansen og gjennomførast i fem steg. Hensikta med NDPP er å harmonisere dei nasjonale langtidsplanprosessane med NATOs behov, slik at alliansen samla har tilgjengelege kapabilitetar på kort, mellomlang og lang sikt, for å møte dei truslane alliansen står overfor.

NATO gjennomfører, som ledd i NDPP, regelmessige vurderingar av den enkelte allierte sine forsvarsplanar og forsvarsinnsats. Hovudsakleg er det ei beskriving av utviklinga innanfor ulike deler av forsvarssektoren. I tillegg inneheld vurderingane tilrådingar til den enkelte nasjonen om prioriteringar i det kontinuerlege arbeidet med å vidareutvikle forsvarsevna. I samband med evalueringane gjennomfører NATO to møter med nasjonane, eitt i dei respektive hovudstadane og eitt i Brussel. Møta og ein omfattande dialog blei gjennomført for Noreg i opphavleg syklus, men på grunn av koronapandemien blei prosessen forsinka. Regjeringa har dei siste åra valt å offentliggjere delar av sluttrapporten, i budsjettproposisjonen det året rapporten blir utgitt. Det var ikkje mogleg i 2020, da NATOs sluttrapport først var klar i oktober, etter publiseringa av Prop. 1 S (2020–2021).

NATOs vurdering av Noreg tar utgangspunkt i Prop. 151 S (2015–2016) *Kampkraft og bærekraft* og Prop. 2 S (2017–2018) *Videreutvikling av Hæren og Heimevernet*. Ei rekke av dei påpekningane og tilrådingane som gis er inkludert i Prop. 14 S (2020–2021) *Evne til forsvar – vilje til beredskap*.

NATOs vurdering av Noreg følger nedanfor, og er ei direkte omsetting frå engelsk.

1. Langtidsplanen for forsvarssektoren (LTP) for 2017 og framover blei vedtatt av Stortinget i november 2016, og opprettheldt i stor grad Noregs tidlegare trygging- og forsvarspolitiske mål med ei forplikting til å styrke Forsva-

ret og identifisere budsjettaukingar. Hovudtema er å styrke norsk nasjonalt forsvar, styrke NATO si evne til avskrekking og kollektivt forsvar, bidra til internasjonal krisehandtering og vidareutvikle Noregs totalforsvarskonsept. Noregs første prioritet er forsvar av norsk territorium med særskild fokus på den nordlege delen av landet, deretter vern av breiare nasjonale og allierte interesser i dei tilstøytane farvatna i nord og i Nord-Atlanteren. NATO og transatlantisk sikkerheit er framleis hjørnesteinen i Noregs trygging- og forsvarspolitikk, slik det blei vist under øvinga *Trident Juncture 2018* der Noreg var vert. LTP identifiserer auka investeringar i etterretning, overvaking, overlevingsevne og kampkraft for å styrke Noregs og NATO si evne til å førebygge og å avskrekke ein aggressor. Regjeringa forpliktar seg til å auke dei samla årlege forsvarsutgiftene, modernisering og reform. Ein ny LTP er under utvikling, og vil bli presentert for Stortinget for godkjenning innan utgangen av 2020.

2. Noreg har til hensikt å auke dei strategiske kjernekapabilitetane sine frå 2020 til 2036 for å spegle prioritetane i LTP. Dette inkluderer kjøpet av 52 F-35 kampfly, anskaffinga av fire nye ubåtar, forutan erstatninga av P-3 maritime patruljefly (MPA) med fem P8A, forsterking av Noregs bakkebaserte luftvern, anskaffinga av moderne stridsvogner, moderne artilleri og langtrekkjande presisjonsvåpen. Eit nytt luftvernsystem med langtrekkjande missil og sensorar er også planlagt innført.

3. Ved utgangen av 2019 var storleiken på dei væpna styrkane (ikkje inkludert Heimevernet (HV)) 20 670 tilsette på heiltid (ei auking på 445 personell sidan 2017), inkludert om lag 9 000 vernepliktige, støtta av om lag 5 820 sivile. Innanfor den totale bemanninga blir strukturen i Forsvaret justert for å auke det tilgjengelige talet på personell for operative driftseiningar, for å forbetre beredskapen, bærekrafta og tilgjengelegheita. Ved å skilje grunnleggjande opplæring frå kampklare einingar, auke talet på vernepliktige og deira tenestetid og utvikle ein operativ reservestyrke innan utgangen av 2021, er det forventa kampklare einingar med ein høgare beredskap og operativ kapasitet. Universell verneplikt (menn og kvinner) blei fullt implementert i 2016, og om lag 9 000 personell blir øva til militærteneste årleg, avhengig av behova til dei væpna styrkane. Tenestetida for vernepliktige med stillingar som krev avansert kompetansenivå i Hæren blei auka frå 12 månader til 16 månader,

- noko som sikrar auka operativ evne. Denne endringa vil bli implementert innan utgangen av 2021.
4. Noregs BNP-vekst i reelle verdiar gjekk ned frå 2,32 % i 2017, til 1,29 % i 2018, og anslagsvis 1,15 % i 2019. I 2020 forventast BNP å gå ned med 5,99 %. Andelen av BNP avsett til forsvar auka frå 1,60 % i 2009 til anslagsvis 1,86 % i 2019, og forventast å vere 2,03 % i 2020, som er over NATO's retningsline på 2%. I 2018 var utgiftene til hovudmateriell og tilhøyrande forskning og utvikling 25,60 % av forsvarsutgiftene og er anslått til 29,27 % i 2019, og forventast å minske til 28,78 % i 2020, som fortsatt overstig NATO's retningsline på 20 %.
 5. Noregs forplikting til operasjonar, oppdrag og andre engasjement er generelt i samsvar med storleiken på dei væpna styrkane. Noreg har tilbydd maritime- og luft-styrkar til NATO sitt beredskapsinitiativ (*NATO Readiness Initiative (NRI)*).
 6. Dei allierte forsvarsministrane blei einige om at Noreg skulle prioritere å utvikle ein fullt kapabel tung infanteribrigade med tilhøyrande støtte¹, og å minimere gapet i evna til å kunne levere presisjonsstyrte våpen under innføringa av F-35. Basert på noverande planar vil Noreg ikkje kunne oppfylle den første prioriteringa innan 2024 eller til og med innan 2026, inkludert å auke Hærens mest avanserte kamp-, kampstøtte- og logistikk-kapabilitetar. Vidare er det framleis uklart om, og i så fall når, Noreg vil vere i stand til å levere den etterspurde fullt kapable brigaden. Noreg må forplikte betydeleg meir innsats, midlar og langt større ressursar for å fullt ut levere denne prioriterte kapabiliteten. Ved å minimere gapet i evna til å kunne levere presisjonsstyrte våpen under innføringa av F-35, har det vore framgang sidan siste vurdering (*Capability Review*), og Noreg har planar på plass for å møte den andre kapabilitetsprioriteten, noko som er svært velkomen.
 7. Dei to hovudelementa i landstyrkane er Hæren og Heimevernet (HV). Kjernen i Hæren er framleis Brigade Nord, basert på to tunge og ein lett infanteribataljon og organisk støtte. Den resterande strukturen består av Hærens Våpenskole, Forsvarets Militærpolitivdeling, Operasjonsstøtteavdelinga, Hans Majestet Kongens Garde, landoperasjonssenteret, ein grensevaktbataljon og ein etterretningsbataljon. Hovudoppdraget til den 40 000 store styrken i HV er territorialt forsvar, inkludert beskyttelse av mottak, klargjering og vidare framføring (RSOM) av allierte forsterkingar. Eit sekundært oppdrag er å støtte andre statlege myndigheiter i handteringa av krise, ulykker, kriminalitet eller naturkatastrofar. Rundt 3 000 HV personell blir halde i høg beredskap i 12 dediserte einingar for hurtigreaksjon. Dei resterende 37 000 er organisert i kompani-ekvivalente einingar, under kommando av 12 HV-distriktshovudkvarter (HQs) over heile Noreg. Strukturen er hovudsakleg basert på reservar, og berre kommandonivået er fylt med heiltidstilsette.
 8. Noreg planlegg å innfri alle sine landrelaterte kapabilitetar etterspurde gjennom NATO's kapabilitetsmål, kvantitativt på kort sikt, om enn med nokre alvorlege avgrensingar i støttekapabilitetar (etterretning, overvaking, målrettleing og rekognosering (ISTAR), kjemiske-, biologisk-, radiologisk- og nukleært materiale (CBRN), kollektiv beskyttelse (COLPRO), sivilmilitært samarbeid (CIMIC), psykologiske operasjonar (PSYOPS) og militære ingeniørar (MILENG), som avgrensar Hærens generelle kampkraft. Vidare må HV sin interoperabilitet betrast. Medan Noreg sine planar for modernisering av kampplattformer gir Hæren auka evne til manøver, eld og vernefunksjonar, er det tydeleg at utan å auke talet og eldkrafta til stormpanservognene (IFV)² i Brigade Nord, vil Noreg ikkje oppfylle kravet til ein tung infanteribrigade. I tillegg er Brigade Nord planlagd å ha berre tre kampbataljonar, i staden for fire, der den eine forventast å bli omvæpna til ei reserveeinjing basert på mobilisering innan 2022. Desse kapabilitetsmanglane vil sterkt avgrense kampkrafta til brigaden, sperre for ei drastisk endring i planar og prioriteringar, og gjer det umogeleg for Noreg å levere det etterspurde, ein fullt kapabel tung infanteribrigade med tilhøyrande støtte frå 2024 eller til og med 2026, den første kapabilitetsprioriteten som blei avtalt for Noreg av allierte forsvarsministrar. Dette er den viktigaste bekymringa for NATO, spesielt sidan Noreg er ein potensiell frontlinjestat.
 9. Sjøforsvaret består av ein stab, eit maritimt taktisk sjøoperasjonssenter og fem kommandoar: Marinen, Kystvakta, Sjøforsvarets basar, Saniteten for Sjøforsvaret og rekruttskulen. Kommando- og kontroll blir uendra, og kapasiteten til overflatefartøya og Kystvakta er optimalisert for dei norske farvatna. Marinen fortset å

¹ Combat support (CS) og Combat service support (CSS).

² Infantry Fighting Vehicle (IFV)

modernisere og forbetre sine kapabilitetar. Spesielt kjøpet av maritime helikopter (NH90), P-8A og konvensjonelle ubåtar (SSKs), og aukinga i trening på avansert anti-ubåt krigføring (ASW) vil vesentleg betre marinens ASW evner, noko som er velkomen. Logistikk-kapabilitetar vil også bli betydeleg betra med innføringa av det nye logistikkstøtteskipet innan utgangen av 2020.

10. Marinen er i stand til å levere mange av dei kortsiktige maritime kvantitative strukturelementa som er etterspurde i NATOs kapabilitetsmål, men med nokre omfattande manglar, inkludert ein fregatt, ein ubåt og eitt maritimt patruljefly. Kvalitative manglar på kort sikt innan evne til overleving og maritim styrkebeskyttelse, maritime *Battle Decisive Munitions* (BDM) ammunisjonslagre og det forventast også mangel på mode 5 identifikasjon venn eller fiende (IFF)³ i NATO-deployerbare einingar. Medan tilgjengelegheita av flåten har betra seg sidan siste vurdering, med betre nivå av bemanning, vedlikehald og opplæring (inkludert avansert krigføringstrening), vurderast det at marinen ikkje har nok overflatefartøy og ubåtar til å møte dei nasjonale oppgåvene og beredskapen som er forspurt av NATO. Desse manglane vil berre bli forverra på mellomlang sikt etter kvart som tilgjengelegheita på ubåt reduserast og korvettane trekkast tilbake frå teneste utan erstatning. Dette er ei stor bekymring for NATO.
11. Luftforsvaret gjennomfører omfattande strukturelle endringar. I perioden fram til 2025 er det planlagt å erstatte F-16 med F-35, og kampflyskvadronane samlast på hovudflybasen på Ørland. *Quick Reaction Alert* (QRA) og MPA-skvadronen vil operere frå ein framskoten base på Evenes i nord. Av dei 52 planlagde F-35-flyene er 25 leverte, og ytterlegare seks fly skal etter planen leverast til Noreg årleg fram til 2024. Sju av desse er for tida stasjonert i USA for opplæringsformål. F-35 er forventa å vere fullt operative i 2025.
12. Noreg vil oppfylle dei fleste av dei luftrelaterte kortsiktige NATO-kapabilitetsmåla sine. Likevel, samtidig som innføringa av F-35 og P-8A MPA vil forbetre Noregs etterretnings-, overvåkings- og rekognoseringskapasitet (ISR) betydeleg, er det berre eit lite tal ISR-kompatible fly som for tida er tilgjengeleg i Luftforsvaret. Med unntak av ei svært avgrensa deltaking i den multinasjonale multirolle tank- og trans-

portflyflåten, har Noreg ingen evne til å tanke luft-til-luft og er heilt avhengig av andre allierte. Noreg har ennå heller ingen planar om *Suppression of Enemy Air Defence* (SEAD), ballistisk missilforsvar og signaletterretningskapabilitetar som er etterspurde i NATOs kapabilitetsmål. Til slutt er det notert at Noreg har fjerna atterhaldet som tidlegare avgrensa tilgjengelegheita av kampfly. Noregs framgang i å minimere gapet i evna til å kunne levere presisjonsstyrte våpen under overgangen til F-35, den andre kapabilitetsprioriteten som blei avtalt for Noreg av dei allierte forsvarsministrane, er ei veldig velkomen utvikling.

13. Spesialstyrkane (SOF) består av ein Norsk Spesialoperasjonskommando (NORSOCOM), som leiar dei to taktiske einingane, Forsvarets Spesialkommando (regimentsnivå, landkapabel) og på bataljonsnivå Marinejegerkommandoen, kvar med passende støtteelement (CS og CSS). Luftforsvaret har 18 SOF-kompatible modifiserte Bell-412 SP-helikopter og eitt SOF-kompatibelt C-130J transportfly. Sjølv om Noreg har som mål å oppfylle dei fleste av sine SOF-relaterte NATO-kapabilitetsmål kvantitativt og kvalitativt, er det manglar på nokre kapabilitetsområde. Spesielt er det at den nasjonale SOF-kommando- og kontrollkapabiliteten (C2) som er etterspurt som erstatning for den NATO-forspurde 0,5 *Special Operations Component Command* (SOCC) for mindre fellesoperasjonar (SJO) ikkje kan deployerast og har alvorlege avgrensingar i dei deployerbare kommunikasjons- og informasjonssystema (CIS). Bruk i kamp er derfor ekstremt avgrensa. Vidare vil dei etterspurte SOF-luftkapabilitetene (helikopter) først bli heilt tilgjengelege frå 2022, fire år seinare enn etterspurt. Noreg planlegg å adressere nokre av desse manglane gjennom neste LTP. Det er ingen plan om å skaffe deployerbar CIS for SOCC.
14. Noreg opprettheld ei rekke kapabilitetar for tilrettelegginga, som er utforma i første linje for stønad til eigne kampstyrkar, noko som i nokre tilfelle kan skape ein konflikt mellom organiske støttebehov på taktisk nivå, og støtte til allierte behov på teaternivå. Dessverre vil ei rekke betydelege felles- og støttekapabilitetsmål, etterspurt på kort og mellomlang sikt, ikkje bli fullt ut oppfylte som føresett og må bli spegla fullt ut i neste LTP. Desse krava inkluderer ei kommando- og kontroll-evne (C2-evne) for ein mindre fellesoperasjon (SJO-), eit tilknytt hovudkvarter for felles logistikkstøttegruppe

³ Identification Friend or Foe (IFF)

- (HQ), og ein signalbataljon, alle forspurde frå 2024, samt eit ammunisjonslager/forsyningskompani, einskilde MILENG-krav og manglar i implementering av nokre RSOM- og CBRN kapabilitetsmål.
15. Noreg fortset å yte til NATOs kapabilitetar til støtte for å stabilisere og rekonstruere (S&R) og kapasitetsbygging med både militære og ikkje-militære midlar, og implementerer dei fleste av dei relaterte NATO kapabilitetsmåla. Dei sivile kapabilitetane kan ikkje deployere som ein del av ein militær kontingent. Dette har ikkje vist seg å vere ein barriere til dags dato.
 16. Noreg har ei robust tilnærming til å forbetre motstandsevne og implementere dei sju grunnleggande forventningane. Dette blir gjort med ei heilskapleg tilnærming til samfunnstryggleik, ei systematisk involvering av den private sektoren og med identifisering av ressursar for å oppretthalde dette arbeidet. Nasjonale sivile og militære planer har blitt koordinerte, men identifiseringa av ressursar for å handtere katastrofale massetap og ukontrollerte bevegelser av menneske vil ytterlegare auke motstandsevna.
 17. I sum er Noregs planlagde forsvarsutgifter på 2,03 % av BNP i 2020, og anslagsvis 28,78 % på hovudmateriell med tilhøyrande forskning og utvikling i 2020, velkomne. Det er likevel ikkje nok til å oppfylle Noregs forpliktingar. Noreg må fortsetje å auke forsvarsutgiftene for å fullt ut implementere alle sine NATO kapabilitetsmål.
 18. Det er gjort framsteg i å implementere mange av NATOs kapabilitetsmål. Det er mellombels alvorleg bekymring med kvantitative og kvalitative manglar, spesielt på mellomlang sikt. Det er tydeleg at mange av NATOs kapabilitetsmål på kort og endå fleire på mellomlang sikt ikkje blir teke opp i utgiftsplanane knyta til Noregs LTP i 2017. For å oppfylle sine forpliktingar tilrår ein at Noreg gjer ein særlig innsats for å sikre at alle deira NATOs kapabilitetsmål er fullt ut inkludert i den komande LTP for 2020.
 19. Dei allierte forsvarsministrane blei einige om at Noreg skulle prioritere å utvikle ein fullt kapabel tung infanteribrigade med tilhøyrande støtte, og å minimere gapet i JPS-evna under innføringa av F-35. Det er tydeleg at Noreg og NATO sine forsvarsplanleggingsprioriteringar i praksis ikkje er spesielt godt avstemte, spesielt i landområdet. Noreg må bruke betydeleg meir innsats og ressursar på å akselerere leveransen av sine NATO kapabilitetsmål, og spesielt den første prioriterte kapabiliteten, i sin heilheit og i tide. Dette er spesielt viktig då Noreg er ein potensiell frontlinjestat. Inntil Noreg gjer dette, kan andre allierte potensielt måtte ta ein del av Noregs rettmessige del av byrda til alliansen.

Forsvarsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under
eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget
om investeringar i Forsvaret og andre saker.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget vert bede om å gjere vedtak om investeringar i Forsvaret og andre saker i samsvar med eit
vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om investeringar i Forsvaret og andre saker

I

Stortinget samtykker i at Forsvarsdepartementet i 2021 kan starte opp nye investeringsprosjekt, og gjere endringar i investeringsprosjekt som omtalt i kapitla 2–5 i den framlagde proposisjonen, innanfor dei gjevne kostnadsrammene. Forsvarsdepartementet gis fullmakt til å oppjustere kostnadsrammene i takt med prisstigningen og som følge av endringar i valutakurs.

II

Verksemdvilkåra for Regionfelt Austlandet, inkludert avgjer om vilkår om verksemdfrie periodar,

blir framover sakshandsama og vedteken i reguleringsplan, heimla i plan- og bygningslova.

III

Stortinget samtykker i at Forsvarsdepartementet kan motta ei pengegåve frå venneininga ved Noregs Heimefrontmuseum som skal fullfinansiere eit forprosjekt for å planlegge i detalj og estimere prisen på eit tilbygg ved Noregs Heimefrontmuseum.

